

Retningslinjer for kyrkjeutvala i Masfjorden

Samansetjing av kyrkjeutvala

- Masfjorden sokneråd har skipa tre kyrkjeutval i Masfjorden, eitt for Frøyset kyrkje, eitt for Sandnes kyrkje, og eitt for Solheim kyrkje.
- Kvart kyrkjeutval har fem medlemmer som alle primært skal bu i den aktuelle kyrkjekrinsen, eitt av desse er også medlem av Masfjorden sokneråd. Vedkomande soknerådsmedlem er leiar for kyrkjeutvalet.

Mandat for kyrkjeutvala

- Kvart kyrkjeutval har ansvar for å bistå soknerådet i arbeidet med å leggje til rette for kyrkjeleg arbeid i sin kyrkjekrins.
- Kvart kyrkjeutval har ansvar for å bistå soknerådet i arbeidet med å ta vare på kyrkjebygg og kyrkjegardar i sin kyrkjekrins.
- Kyrkjeutvalet er høyringsinstans for soknerådet i saker som kjem inn under utvalet sine ansvarsområde.
- Kyrkjeutvalet disponerer tildelte midlar som vert nytta til føremål som kjem inn under utvalet sine ansvarsområde. Leiar av kyrkjeutvalet attesterer utbetalingar frå desse midlane.

Oppgåver for kyrkjeutvala

- Døme på oppgåver kyrkjeutvalet kan ta ansvar for i samband med gjennomføring av ordinære gudstenester, er
 - kyrkjevert – utdeling av songhefte/program ved inngang, kaffikokar ved kyrkjekaffi
 - kakebakar til kyrkjekaffien,
 - andre praktiske oppgåver
- Døme på oppgåver kyrkjeutvalet kan ta ansvar for i samband andre arrangement, er
 - opplåsing og attlåsing av kyrkjene etter behov,
 - hjelp med opp- og nedrigging av utstyr,
 - andre praktiske oppgåver
- Døme på oppgåver andre oppgåver kyrkjeutvalet kan ta ansvar for i samband med anna kyrkjeleg arbeid, er
 - hjelp med distribusjon av «Masfjordingen»,
 - hjelp med oppsett av plakatar
 - andre praktiske oppgåver

Kyrkjeutvalet lagar sjølve ein plan for korleis oppgåvene skal utførast. Det er verdt å merke seg at utvalet har fullt høve til å be andre om hjelp.

Funksjonstid for medlemene i kyrkjeutvala

- Det er det sitjande soknerådet som oppnemner medlemene til kyrkjeutvala. Ein tek difor utgangspunkt i at medlemene i kyrkjeutvala sit i utvalet i valperioden for soknerådet.
- Det er likevel høve for eit kyrkjeutvalsmedlem til å be seg fritaken frå vervet når som helst i denne perioden. Ein legg til grunn at eit medlem ikkje fråtrer før etterfylgjar er utpeika av soknerådet.